



Retningslinjer for brukar- og pårønderåd ved Stryn og Vikane omsorgsenter.

Brukarmedverknad er ei forutsetning for å tilby gode tenester. Brukar- og pårønderådet er Stryn og Vikane omsorgsenter sitt formelle organ for brukarmedverknad.

Gjennom brukar- og pårønderåd kan brukarar og pårørande påverke innhald og kvalitet på tenesta brukarane mottak frå kommunen.

Brukar- og pårønderåd er òg eit rådgivande organ for einingsleiar.

Bakgrunn og hensikt

I *forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten, § 7e*, er det krav om at kommunen skal sørge for å gjere bruk av erfaringar frå pasientar, brukarar og pårørande.

I *forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene § 3* er det krav om at kommunen skal etablere eit system for å sikre at brukar og pårørande medverke i utforming av tenestetilbodet.

I *forskrift for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie § 4-9* er det krav om at brukarane skal orienterast på forehand om forslag til endring som har betydning for deira liv og trivsel i buform, og gis anledning til å uttale seg. Leiinga skal så langt som det er mogleg ta hensyn til bebuar, pårørande og verge sine synspunkt.

Brukarråd

Stryn og Vikane omsorgsenter skal ha kvar sitt brukar- og pårønderåd.

Eit brukar- og pårønderåd består av 3 representantar for bebuarar på omsorgsentra, i tillegg til ein vararepresentant.

Ein pårørande skal veljast som leiar for rådet. Einingsleiar deltek på møta saman med 1-3 tilsette etter behov. Einingsleiar er sekretær for rådet.

Representantar for bebuarane blir valde for 2 år om gangen. Det bør etterstrebast at ikkje heile rådet skiftast ut samtidig.

Brukar- og pårønderådet skal ha minst 4 møte pr kalenderår. Rådet skal drøfte og gi råd i saker som vedrører tenesta sin kvalitet og innhald. Eit av møta er fellesmøte mellom brukar- og pårønderåd i Vikane og Stryn.

Det skal i tillegg vere 1 felles møte for alle brukarar og pårørande årleg, der det mellom anna blir gjennomført val av nye representantar til rådet, og val av leiar. Leiar blir valt 1 år om gongen.

Brukar- og pårønderådet skal jobbe for at tenester ytt ved omsorgsentra til ein kvar tid er best mogleg.

Adresse	Telefon	Org.nr	E-post	Internett
Tonningsgata 4, 6783 Stryn	57 87 47 00	963 989 202	postmottak@stryn.kommune.no	www.stryn.kommune.no

Saker som skal opp i rådet

- Aktivitetar for brukarane
- Praktiske forbetringar i hus og uteområdet
- Daglege rutinar som omfattast av brukarmedverknad
- Kosthald
- Brukarundersøkingar
- Gåvemidlar – brukar og pårønderådet gir innspel for bruk av gåvemidlar.
 - Det skal orienterast om mottekne gåvemidlar og bruken av dei.
 - Øyremerka gåvemidlar skal nyttast slik gjevar ønskjer.

Det skal ikkje behandlast enkeltsaker vedrørande bebuarar eller personalsaker i rådet.